Høgskolen i Telemark

Avdeling for allmenne fag

EKSAMEN

I

811 KONTRAKTSRETT

17.12.2001

Tid:	4 timer
Målform:	Bokmål/Nynorsk
Sidetal:	6 + framside
Hjelpemiddel:	Norges Lover og/eller annen offisiell lovtekst uten kommentarer, for eksempel Gundersen/Faafeng jr., Lov og rett for næringslivet, bind II.
Merknader:	Til veiledning for tidsbruken under eksamen antydes at det kan være rimelig å bruke omtrent halvparten av tiden på oppgave I, og den andre halvparten på oppgave II.
Vedlegg:	Ingen

I.

Sverre Hansen er ansatt som seniorforsker ved forsknings- og analyseavdelingen i olje- og gassdivisjonen i Norsk Hydro. Gjennom sitt arbeide blir han kjent med at Norsk Hydro har gjort et nytt kjempefunn av olje utenfor Mørekysten. Han skjønner straks at det nye storfunnet, så snart det blir alminnelig kjent, vil føre til kraftig kursstigning på Hydro-aksjer. Han tar derfor straks kontakt med en bekjent, Per Vold, som Hansen vet har en beholdning på 10000 Hydro-aksjer som han gjerne vil bli kvitt. Per Vold blir overlykkelig over å få et kjøpstilbud på aksjene. Vold har nettopp bygget nytt hus, og sliter derfor med betydelig gjeld, og har dessuten vært svært bekymret over den seneste tids kraftige fall i aksjemarkedet. Han er derfor villig til å selge hele sin aksjebeholdning i Norsk Hydro til 10 % under tilbudsdagens børskurs. Partene inngår avtale om dette, og avtalen gjennomføres på ordinær måte. Under samtalene mellom partene nevner Hansen intet om den kunnskapen han har om Norsk Hydros nye oljefunn.

Fem dager senere blir nyheten om det nye oljefunnet offentlig bekjentgjort fra Norsk Hydros side. Nyheten om det store oljefunnet medfører at kursen på Hydro-aksjer øyeblikkelig stiger med 40%.

Da Per Vold får høre nyhetene, tar han omgående kontakt med Hansen. Hansen innrømmer at han da avtalen om aksjekjøp med Vold ble inngått, var kjent med at Hydro hadde gjort et nytt, stort oljefunn. I motsetning til Vold mener imidlertid Hansen at dette forholdet er uten betydning for gyldigheten av avtalen mellom de to om aksjekjøpet. Hansen fremholder bl. a., at handel i aksjer er en svært risikopreget virksomhet, hvor det er helt vanlig at kurssvingningene er store, og gjerne kommer brått og uventet. Den ene parten i kjøpsforholdet kan spesielt i slike utpreget risikofylte forretninger, ikke velte risikoen for egne forutsetninger og forventninger om den fremtidige kursutviklingen over på den annen part i avtalen. Hver av partene bærer etter Hansens mening risikoen for sine egne forutsetninger. Vold på sin side er helt uenig, og krever avtalen kjent ugyldig. Han fremhever spesielt, at han selvsagt ikke ville solgt disse aksjene til den avtalte pris, dersom han hadde hatt kunnskap om det nye oljefunnet.

Spm. 1: Er avtalen om aksjekjøp mellom Hansen og Vold ugyldig?
Begrunn svaret.

Per Vold hadde siden 3. mars 1997 vært skyldig elektrohandler Jon Strøm kr. 10000,- for kjøp av et 32" widescreen fjernsynsapparat. Beløpet var uomtvistet, men Vold hadde på grunn av sin anstrengte privatøkonomiske situasjon ikke maktet å gjøre opp for seg. Elektrohandler Strøm hadde på sin side syntes synd på Vold, og hadde derfor ikke foretatt seg noe for å inndrive beløpet. Han valgte å stole på Volds gjentatte forsikringer om at han ville gjøre opp for seg "så snart han kom til penger". Vold hadde senest 4. april 2001 under et tilfeldig besøk i butikken, lovet at han nå ville betale gjelden "med det første".

Den 10. april 2001 vant Vold en mindre pengesum i tipping. Han dro straks til Strøm og betalte den gamle gjelden, med tillegg av ordinære morarenter. Samme kveld ble Vold oppringt av sin gode venninne Anne Grethe Johnsen, som lurte på om de to skulle ta en hyggelig aften på en middagsrestaurant, nå som Vold hadde vunnet i tipping. Vold måtte

imidlertid beklage at det hadde han ikke råd til, ettersom tippegevinsten allerede var brukt til å betale den gamle gjelden for fjernsynsapparatet.

Anne Grethe, som nettopp hadde gjennomført kurset "Kontraktsrett" ved Høgskolen i Telemark, syntes Vold hadde vært svært dum som hadde brukt tippegevinsten til å betale den gamle gjelden til elektrohandleren. Hun mente nemlig at kravet måtte betraktes som klart foreldet, og at betalingsplikt derfor for lengst var opphørt.

Spm. 2: Er kravet på betaling for fjernsynsapparatet foreldet?
Begrunn svaret.

Vi forutsetter nå at pengekravet var foreldet pr. betalingstidspunkt. Vold krever derfor pengene tilbakebetalt fra elektrohandler Strøm. Strøm nekter imidlertid å betale pengene tilbake, til tross for at han var klar over at pengekravet var foreldet da det ble betalt. Strøm erkjenner også at han bevisst unnlot å fortelle Vold at kravet var foreldet da betaling skjedde, og at denne fortielsen skyldtes at han tok det for gitt at Vold ikke ville ha betalt, dersom han var blitt gjort kjent med at kravet var foreldet.

Spm. 3: Har Vold krav på tilbakebetaling av pengene?
Begrunn svaret.

Vold, som var svært musikkinteressert, hadde i lengre tid vært på jakt etter en brukt bassgitar av merke Gibson. Den 1. okt. kom han tilfeldigvis over en annonse for en slik gitar i Aftenposten. Han tok straks telefonisk kontakt med selgeren, som opplyste at han ville ha kr. 14000,- for gitaren. Dette syntes Vold var en for drøy pris, og tilbød seg å kjøpe gitaren for kr. 11000,-. Selgeren var imidlertid overhodet ikke interessert i å selge til en slik pris, men sa seg villig til å godta en pris på kr. 13000,-. Vold syntes imidlertid fortsatt prisen var for høy.

Dagen etter påtraff Vold tilfeldig en bekjent som nå drev musikkforretning. Vold fortalte om samtalen med gitarselgeren fra dagen før. Til Volds store forbauselse kunne musikkforhandleren fortelle, at han betraktet det tilbudet Vold hadde fått som meget godt; en kvalitetsgitar av slikt anerkjent merke til en slik pris måtte betraktes som tilnærmet et "røverkjøp".

Da Vold hørte dette, ringte han straks på ny til gitarselgeren, og sa at han aksepterte prisen på kr. 13000,-. Gitarselgeren påsto imidlertid at han ikke lenger var forpliktet til å selge til Vold for kr. 13000,-.

Spm. 4: Er gitarselgeren forpliktet til å selge bassgitaren til Vold for kr. 13000,-?
Begrunn svaret.

II.

Drosjeeier Ole Taksi i Kautokeino hadde bestilt ny Mercedes drosjebil fra Mercedesimportøren AS i Oslo. Det ble avtalt mellom partene at bilen skulle fraktes fra Oslo til Alta med båt, og den ble 2. april 01 satt om bord på en fraktebåt i Oslo tilhørende rederiet Kystline.

Fire døgn senere kom båten ut for et forferdelig uvær ved Stadt. Det var en stund reell fare for at fraktebåten ville gå ned, men etter en heroisk innsats fra mannskapet om bord og en

redningsskøyte som kom til unnsetning, lyktes det å få buksert båten til nødhavn. Lasten hadde imidlertid forskjøvet seg, og store deler av lasten, herunder drosjebilen til Taksi, var påført store og omfattende skader. Reparasjonskostnadene ville bli så store, at bilen måtte betraktes som totalvrak.

En uke senere mottok drosjeeieren faktura på kjøpesummen fra Mercedesimportøren AS. Taksi nektet å betale, under henvisning til at han slett ikke hadde mottatt noen bil. Mercedesimportøren AS mente likevel at drosjeeieren var betalingspliktig.

Spm. 5: Er drosjeeier Taksi pliktig til å betale kjøpesummen for bilen?
Begrunn svaret.

Drosjeeier Taksi fikk etter en tid levert drosjebil fra annen leverandør, Motorhuset AS. Men etter noen få kilometers kjøring brøt gearkassen sammen. Motorhuset kunne konstatere at det var en uforklarlig svikt i noen tannhjul i gearkassen, og at dette hadde medført andre skader. Motorhuset måtte skaffe helt ny gearkasse, og sette den inn. Reparasjonen ville ta 12 dager, og bilen var i denne perioden ubrukelig. Drosjeeier Taksi spurte om Motorhuset AS kunne låne ham en annen bil egnet for drosjekjøring inntil reparasjonen var gjort, men firmaet hadde ingen annen egnet bil tilgjengelig.

Drosjeeier Taksi hadde ansatt sjåfør fra avtalt leveringstid, og måtte derfor leie en annen bil i reparasjonstiden for at sjåføren skulle kunne settes i arbeid. Leieutgiften ble på kr. 15900,-.

Spm. 6: Kan drosjeeier Taksi kreve leieutgiften på kr. 15900,- erstattet av Motorhuset AS?
Begrunn svaret.

Etter at gearkassen var skiftet ut og den nye bilen tatt i bruk som drosjebil, viste det seg imidlertid at den ikke fungerte helt som den skulle. Det var tidvis svært vanskelig å få start på bilen. I løpet av en måned ble bilen innsatt på selgers verksted fire ganger for reparasjon uten at det ble funnet noen feil. Ved femte gangs verkstedopphold ble innsprøytingssystemet for bensin skiftet. Likevel lot bilen seg så vidt starte dagen etter. Drosjeeier Taksi var nå gått grundig lei av bilen og plagene med den, og forlangte kjøpet hevet. Han viste spesielt til at han, ettersom bilen skulle brukes i næringsvirksomhet, var helt avhengig av en bil med svært høy driftssikkerhet, og at startproblemene unntaksvis kunne skape livstruende situasjoner, f. eks. i forbindelse med ambulanseoppdrag. Selv om startvanskene og de påfølgende verkstedoppholdene så langt ikke hadde medført regulære driftsavbrudd eller større driftsforstyrrelser, mente Taksi at hevingsgrunnlag likevel forelå. Motorhuset mente at det ikke var noen mangel ved bilen som ga grunnlag for heving, og tilbød seg å rette feilen.

Spm. 7: Foreligger en mangel som gir grunnlag for heving? (Under dette spørsmålet skal du se bort fra selgerens evt. rett til omlevering).
Begrunn svaret.

Motorhuset hevdet at hvis det forelå hevingsgrunnlag, kunne firmaet forhindre heving ved å foreta omlevering.

Spm. 8: Kan hevingskravet møtes med krav om omlevering?
Begrunn svaret.

I.

Sverre Hansen er tilsett som seniorforskar ved forsknings- og analyseavdelinga i olje- og gassdivisjonen i Norsk Hydro. Gjennom arbeidet sitt vert han kjend med at Norsk Hydro har gjort eit nytt kjempefunn av olje utanfor Mørekysten. Han skjøner straks at det nye store funnet, så snart det vert ålment kjend, vil føre til kraftig kursstiging på Hydro-aksjar. Han tek difor straks kontakt med ein bekjend, Per Vold, som Hansen veit har ei behaldning på 10000 Hydro-aksjar som han gjerne vil verte kvitt. Per Vold vert svær glad for å få eit kjøpstilbod på aksjane. Vold har nettopp bygd nytt hus, og slit difor med ei monaleg gjeld, og har dessutan vore særs bekymra over den seinaste tidas kraftige fall i aksjemarknaden. Han er difor viljug til å selje heile si aksjebehaldning i Norsk Hydro til 10% under tilbodsdagen sin børskurs. Partane inngår avtale om dette, og avtalen vert gjennomført på ordinært vis. Under samtalane mellom partane nemner Hansen ikkje noko om den kunnskapen han har om det nye oljefunnet til Norsk Hydro.

Fem dagar seinare vert nyheten om det nye oljefunnet gjort kjend frå Norsk Hydro si side. Denne nyheten om det store oljefunnet fører til at kursen på Hydro-aksjar omgåande stig med 40%.

Då Per Vold får høyre nyhetene, tek han straks kontakt med Hansen. Hansen vedgår at han då avtala om aksjekjøp med Vold vart inngått, var kjend med at Hydro hadde gjort eit nytt, stort oljefunn. I motsetning til Vold meiner imidlertid Hansen at dette forholdet er utan betydning for gyldigheten av avtala mellom dei to om aksjekjøpet. Hansen held m.a. fram, at handel i aksjar er ei særs risikofyld verksemd, der det er heilt vanleg at kurssvingningane er store, og gjerne kjem brått og uventa. Den eine parten i kjøpsforholdet kan spesielt i slike utprega risikofylte forretningar, ikkje velte risikoen for eigne føresetnader og forventningar om den framtidige kursutviklinga over på den andre parten i avtala. Kvar av partane ber etter Hansen si meining risikoen for eigne føresetnader. Vold på si side er heilt ueinig, og krev avtala kjend ugyldig. Han held spesielt fram, at han sjølvsagt ikkje ville seld desse aksjane til den avtala prisen, dersom han hadde kjend til det nye oljefunnet.

Spm. 1: Er avtala om aksjekjøp mellom Hansen og Vold ugyldig?
Grunngje svaret.

Per Vold hadde sidan 3. mars 1997 vore elektrohandlar Jon Strøm skuldig kr. 10000,- for kjøp av eit 32" widescreen fjernsynsapparat. Beløpet var ikkje omtvista, men Vold hadde på grunn av sin anstrengde privatøkonomiske situasjon ikkje makta å gjere opp for seg. Elektrohandlar Strøm hadde på si side syntes synd på Vold, og hadde difor ikkje føreteke seg noko for å drive inn beløpet. Han valde å stole på Vold sine gjentekne forsikringar om at han ville gjere opp for seg "so snart han kom til pengar". Vold hadde seinast 4. april 2001 under eit tilfeldig besøk i butikken, lova at han no ville betala gjelda "med det fyrste".

Den 10. april 2001 vann Vold ein mindre pengesum i tipping. Han drog straks til Strøm og betala den gamle gjelda, med tillegg av ordinære morarenter. Same kvelden vart Vold oppringd av si gode venninne Anne Grethe Johnsen, som lurde på om dei to skulle ta ein hyggjeleg kveld på ein middagsrestaurant, no som Vold hadde vunne i tipping. Vold måtte imidlertid beklaga at det hadde han ikkje råd til, av di tippegevinsten allereie var bruka til å betala den gamle gjelda for fjernsynsapparatet.

Anne Grethe, som nettopp hadde gjennomført kurset "Kontraktsrett" ved Høgskulen i Telemark, syntes Vold hadde vore særs dum som hadde bruka tippegevinsten til å betala den gamle gjelda til elektrohandlaren. Ho meinte nemlig at kravet måtte betraktast som klårt forelda, og at betalingsplikt difor for lenge sidan var opphøyrd.

Spm. 2: Er kravet på betaling for fjernsynsapparatet forelda?
Grunngje svaret.

Vi føreset no at pengekravet var forelda då det vart betala. Vold krev difor pengane tilbakebetala frå elektrohandlar Strøm. Strøm nektar imidlertid å betala pengane attende, trass i at han var klar over at pengekravet var forelda då det vart betala. Strøm erkjenner og at han medvete lot vere å fortelje Vold at kravet var forelda då betaling skjedde, og at denne forteiinga skuldast at han tok det for gitt at Vold ikkje ville ha betala, dersom han hadde blitt gjort kjend med at kravet var forelda.

Spm. 3: Har Vold krav på tilbakebetaling av pengane?
Grunngje svaret.

Vold, som var særs interessera i musikk, hadde i lengre tid vore på jakt etter ein brukt bassgitar av merket Gibson. Den 1. oktober kom han ved eit tilfelle over ei annonse for ein slik gitar i Aftenposten. Han tok straks kontakt med seljaren, som opplyste at han ville ha kr. 14000,- for gitaren. Dette syntes Vold var ein for drøy pris, og tilbaud seg å kjøpe gitaren for kr. 11000,-. Seljaren var imidlertid overhodet ikkje interessera i å selje til ein slik pris, men sa seg viljug til å godteke ein pris på kr. 13000,-. Vold syntes imidlertid fortsatt prisen var for høg.

Dagen etterpå traff Vold tilfeldig ein bekjend som no dreiv musikkforretning. Vold fortalde om samtalen med gitarseljaren frå dagen før. Til Vold si store overrasking kunne musikkhandlaren fortelje, at han såg på det tilbodet Vold hadde fått som meget godt; ein kvalitetsgitar av eit so anerkjend merke til ein slik pris måtte betraktast som tilnærma eit "røvarkjøp".

Då Vold høyrde dette, ringde han straks til gitarseljaren, og sa at han aksepterte prisen på kr. 13000,-. Gitarseljaren påsto imidlertid at han ikkje lengre var forplikta til å selje til Vold for kr. 13000,-.

Spm. 4: Er gitarseljaren forplikta til å selje bassgitaren til Vold for kr. 13000,-?
Grunngje svaret.

II.

Drosjeeigar Ole Taksi i Kautokeino hadde bestilt ein ny Mercedes drosjebil frå Mercedesimportøren AS i Oslo. Det vart avtala mellom partane at bilen skulle fraktast frå Oslo til Alta med båt, og den blei 2. april 01 sett om bord på ein fraktebåt i Oslo tilhøyrande reiarlaget Kystline.

Fire døger seinare kom båten ut for eit forferdeleg uver ved Stadt. Det var ei stund reell fare for at fraktebåten ville gå ned, men etter ein heroisk innsats frå mannskapet om bord og ei redningsskøyte som kom til unnsetning, lukkast det å få buksert båten til naudhamn. Lasta

hadde imidlertid forskyve seg, og store delar av lasta, m.a. drosjebilen til Taksi, var påført store og omfattande skader. Utbetringskostnadene ville bli så store, at bilen måtte sjåast på som totalvrak.

Ei veke seinare mottok drosjeeigaren faktura på kjøpesummen frå Mercedesimportøren AS. Taksi nekta å betala, under henvising til at han slett ikkje hadde motteke nokon bil. Mercedesimportøren AS meinte likevel at drosjeegaren var pliktig til å betala.

Spm. 5: Er drosjeeigar Taksi pliktig til å betala kjøpesummen for bilen?
Grunngje svaret.

Drosjeeigar Taksi fekk etter ei tid levera drosjebil frå ein anna leverandør, Motorhuset AS. Men etter nokre få kilometers køyring braut gearkassa saman. Motorhuset kunne konstatera at det var ein uforklårleg svikt i nokre tannhjul i gearkassa, og at dette hadde ført med seg andre skadar. Motorhuset måtte skaffe ei heilt ny gearkasse, og sette den inn. Utbetringa ville ta 12 dagar, og bilen var i denne perioda ubrukeleg. Drosjeeigar Taksi spurde om Motorhuset AS kunne låne han ein annan bil eigna for drosjekøyring inntil utbetringa var gjort, men firmaet hadde ingen annan eigna bil tilgjengeleg.

Drosjeeigar Taksi hadde tilsett sjåfør frå den avtala leveringstida, og måtte difor leige ein annan bil i utbetringstida for at sjåføren skulle kunne setjast i arbeid. Leigeutgifta blei på kr. 15900,-.

Spm. 6: Kan drosjeeigar Taksi krevje leigeutgifta på kr. 15900,- erstatta av Motorhuset AS?
Grunngje svaret.

Etter at gearkassa var skifta ut og den nye bilen teke i bruk som drosjebil, synte det seg imidlertid at den ikkje fungera heilt som den skulle. Det var stundom særs vanskjeleg å få start på bilen. I løpet av ein månad vart bilen sett inn på seljarens verkstad fire gongar for utbetring utan at det vart funne nokon feil. Ved femte gongs opphald på verkstaden blei innsprøytingssystemet for bensin skifta. Likevel lot bilen seg så vidt starta dagen etter. Drosjeeigar Taksi var no gått grundig lei av bilen og plagene med den, og kravde kjøpet heva. Han viste spesielt til at han, ettersom bilen skulle nyttast i næringsverksemd, var heilt avhengig av ein bil med særs høg driftstryggleik, og at startproblema unntaksvis kunne skapa livstrugande situasjoner, t. d. i samband med ambulanseoppdrag. Sjølv om startvanskane og dei påfølgande verkstadopphalda so langt ikkje hadde føre med seg regulære driftsavbrot eller større driftsforstyrrelser, meinte Taksi at hevingsgrunnlag likevel låg føre. Motorhuset meinte at det ikkje var nokon mangel ved bilen som ga grunnlag for heving, og tilbaud seg å rette feilen.

Spm. 7: Føreligg ein mangel som gjev grunnlag for heving? (Under dette spørsmålet skal du se vekk frå seljaren sin evt. rett til omlevering).
Grunngje svaret.

Motorhuset hevda at hvis det låg føre grunnlag for heving, kunne firmaet hindra heving ved å foreta omlevering.
Spm. 8: Kan hevingskravet møtast med krav om omlevering?
Grunngje svaret.